



«Saman om ein trygg barndom»

AVDELING FJELLET


Småbarnsavdeling med barn i alderen 0-2 år



Ringstad barnehage er ein kommunal barnehage med 4 avdelingar (Fjellet, Fjorden, Dalen og Bygda).
Fjellet er Ringstad barnehage si småbarnsavdeling med barn i alderen 0-2 år.

Vi har store gode rom med god boltreplass.

Vi har også eit eige soverom med plass til mange vogner samt overbygd inngangsparti med plass til vogner for dei som ønsker å sove ute.



Fjellet har eit eige innegjerda uteområde. Her kan dei yngste barna få vere litt skjerma om vi ønsker det.

Barnehagen har eit stort uteområde med blant anna mange store tre, frukttre og leikeapparat.



Vi likar å ta med oss barna ut på tur i nærmiljøet. Det er mykje å sjå på i området rundt barnehagen.



Ringstad barnehage har ein eigen innegjerda skog som ligg heilt inntil uteområdet til barnehagen. Her er det mykje spennande å sjå på og undre seg over. Barna får også øvd seg på å gå og bevege seg i ulendt terreng i skogen.



DAGSRYTME FJELLET:

6.40 – 7.15	Dei som kjem tidleg, går inn på Fjellet. Her kan barna leike seg saman med dei andre borna som kjem tidleg.
7.15 – 8.15	Vi leikar litt, gjer klart til frukost og vaskar hendene på badet før vi et mat.
8.15 – 8.45	Frukost. Vi pratar om ting som opptek oss. Etter måltidet syng vi songar, av og til fortel vi eventyr og andre små forteljingar.
8.45 – 10.30	Frileik inne/ute. Deretter er det tid for bleieskift, toalett/pottetrening.
10.30 – 10.50	Mellommåltid. Vi har ofte havregrynsgraut, havregryn og yoghurt eller ostesmørbrød til dette måltidet.
10.50 – 13.30	Sovetid + frileik inne/ute.
13.30 – 13.50	Ettermiddagsmat og frukt. Vi samtalar litt, syng songar, fortel små historier og liknande.
13.50 – 14.40	Vi ryddar etter måltidet, tek bleieskift og toalett/pottetrening.
14.30 ->	Leik/ulike aktivitetar.
15.55	Vi har samarbeid med dei andre avdelingane etter kl 15.55.
16.15	Barnehagen stenger. Barna må vere henta innan kl 16.15.

- Søv eit barn under det eine måltidet får barnet mat når det vaknar.
- Dei yngste barna har ofte ulikt behov for søvn. Nokre barn søv fleire gongar i løpet av barnehagedagen, andre søv berre ein gong. Dette tilpassar vi kvart enkelt barn i samarbeid med foreldra. Ingen barn har heilt lik sovetid på Fjellet.
- Vi har dagtavle til kvart måltid der vi snakkar om og heng opp bilde på det vi skal gjere fram til neste måltid. Vi snakkar om kven som er på avdelinga og heng opp bilde av barn og vaksne.
- Vi brukar appen «VISMA Min Barnehage – foresatt». I denne appen får foreldra tilgang til sovetidene til sitt barn, informasjon og bilete som vi deler med foreldra.

Pedagogisk grunnsyn

«Med pedagogisk grunnsyn menes den virkelighetsoppfatning, de kunnskaper, verdier og holdninger som ligger til grunn for pedagogisk virksomhet» (Lillemyr og Sjøbstad, 1993).

Ringstad barnehage sitt grunnsyn speglar seg i barnehagen sine mål og verdiar, og korleis vi jobbar med omsorg, danning, leik og læring. Det er viktig for barn å bli teken på alvor, og alle barn har individuelle behov som vi skal ta omsyn til. Barn har ulik personlegheit og skal møtast med anerkjening og respekt for den dei er. Barn har rett til å ha egne meininger, behov og kjensler, og dette må vi ta omsyn til.

Barndommen har ein eigen verdi, og ein av barnehagen sine viktigaste oppgåver er å ivareta og verne om barndomstida.

I Ringstad barnehage ønskjer vi:

- å ha eit inkluderande miljø
- å vere framtidsretta og nyskapande i forhold til utviklinga i samfunnet
- å sjå muligheter og ikkje begrensingar
- å ha respekt for mennesket
- å vere anerkjennande og engasjert i alle situasjonar

«Menneske er menneskets glede»

Mål for Ringstad barnehage:

- Vi i Ringstad barnehage skal respektere barna sine synspunkt ved å la alle barn bli sett og høyrte.
- I Ringstad barnehage skal glede og humor prege kvardagen.
- Forutsigbarheit og stabilitet skal skape trygghet og tillit til Ringstad barnehage.

Visjonen til Ringstad barnehage:

- Saman om ein trygg barndom

Verdiane for Ringstad barnehage seier at vi skal vere:

- Anerkjennande/Raus
- Engasjert
- Innovativ/Framtidsretta
- Profesjonell

Vi legg til rette for ein god tilvenningsperiode for nye barn på Fjellet. Dei yngste barna treng god tid på å bli trygg og tilvent den nye kvardagen sin. Tilvenningsperioden vil variere frå barn til barn alt etter behov og ønsker frå barn og foreldre.



Vil du vite meir om barnehagen ta gjerne kontakt og kom gjerne på besøk.

Telefon: 464 11 135

E-post: vekl@stranda.kommune.no

Adresse: Hevsdalsvegen 44, 6200 Stranda

Facebook: Ringstad Barnehage

Meir informasjon om barnehagen ligg også på nettsida til Stranda kommune.

stranda.kommune.no → oppvekst → barnehage → kommunale barnehager → Ringstad barnehage



I mellom Fjord og Fjell, Bygd og Dal ligg Ringstad Barnehage

Dette er ein stor kommunal barnehage med 4 avdelingar, der to avdelingar fungera som ein base.

Vi er stolt av barnehagen og bygda vår, og i 2023 endra vi namna på avdelingane på barnehagen til Fjorden, Fjellet, Bygda og Dalen. Dette representera den fine beliggenheita Ringstad Barnehage har.

Barnehagen er omgitt av eit stort, fint uteområde og nærmiljøet vårt gir barna eit mangfald av opplevingar som både bondegardar, sentrum, sjø, fjell, skog og mark.

